



Sunnfjord
kommune




Holsen barnehage

Barnehageportrett



Historiske barnetal frå 2008 – 2023



Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	6	6	5
Barn over tre år	15	15	17
Godkjent leike- og opphaldsareal kvm	208	208	208
Arealutnytting kvm	103,5	103,5	106,5
Kapasitet arealplassar	46,2	46,2	46,2
Arealplassar i bruk	23	23	23,6
Ledige arealplassar	23,2	23,2	22,6

Bemanning i årsverk

Bemanning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrrar	0,2	0,2
Assisterande styrrar	0,5	0,5
Pedagogisk leiar	2,5	2,5
Barnehagelærar	1,0	0,0
Fagarbeidar	0,0	0,0
Assistent	1,6	2,6
Lærling	0,0	0,0
Snittalder		45,1

Grunnbemanning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	5,9	5,1	5,0	5,3

Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	14,8	7,8	7,5	7,7

Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	3 596 225	4 183 535	4 163 567	4 495 568
Budsjett	3 597 563	4 079 156	4 223 582	4 770 820
Kostnad per heiltidsplass	138 850	193 682	190 989	214 075

Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Holsen skule
Tilknytning til andre tenestetilbod	Det er ingen andre tenestetilbod på Holsen.
Bustad og næring	Nokre få tomter er ledige på Vettreiene. Ingen areal er sett av til næringsføremål.

Bygningsmasse

Byggeår	2008, ei avdeling inkludert i skulebygg og ei avdeling i brakkerigg.
Areal	208 kvm
Godkjent leike- og opphaldsareal	208 kvm
Uteareal	3 985 kvm

Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	21 km
Avstand til Langhaugane barnehage	15,7 km
Avstand til Sunde barnehage	14,6 km

Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen har dekkja norma for pedagogiske leiarar
- Barnehagen har fagleg kompetanse utover barnehagelærerutdanning med spesialpedagogikk, språk og språkutvikling, i tillegg til master i pedagogisk terapi
- Barnehagen er gode på å nytte nærmiljøet med all læring og tilknytting til både folk og lokalmiljø det fører med seg
- Barnehagen har ei stabil personalgruppe

Forbetringsområder

- I høve barn med ulike utfordringar er det behov for fagleg utvikling og kompetanse i personalgruppa
- Legge til rette for vidareutdanning i personalgruppa

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen jobbar godt på tvers av avdelingane og nyttar godt barnehagen sitt uterom, og lokala som er til disposisjon inne

Forbetringsområder

- Det er ikkje ideelle forhold for avdelinga som held til i ei brakke

Barnehagen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen er ein viktig faktor for å fremje tilknytning til bygda
- Barnehagen nyttar naturen og lokalsamfunnet aktivt til læring, og bidreg til forståing for berekraftig utvikling frå jord til bord
- Barnehage og skule som har felles møtepunkt er ein styrke for lokalsamfunnet
- Godt samarbeid mellom barnehage, skule og grenda i form av dugnadsfellesskap
- Barnetrim i gymsalen er ein positiv møtearena i grenda

Forbetringsområder

- Barnehagen kan bli betre på å trekkje inn, og besøke lokale aktørar, få lærdom av dei ulike generasjonane sin kunnskap inn i barnehagen

Andre innspel

- Sentraliserande strukturelle endringar vil vere negativt for busetnad i utkantane
- Dersom barnehagen på Holsen vert lagt ned vil dette råke barn og familiar både frå Holsen, Haukedalen og Viksdalen
- Bygda blir mindre attraktiv om ein ikkje har eit oppvekstsenter med alle tilhøyrande funksjonar slik som i dag

Prosjektgruppa si oppsummering

No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage¹ for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Holsen barnehage følger både bemanningsnorma og pedagognorma. Det er noko overtalligheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

¹ [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna. Holsen barnehage er samlokalisert med skulen og blir derfor ein del av eit større læringsmiljø.

Barnehagen er samlokalisert med skulen, eine avdelinga er plassert i skulebygget og den andre avdelinga er plassert i ein brakkerigg. Brakkeriggen har vore brukt sidan 2008 då barnehagen blei etablert. Fordi barnehagen er lokalisert i to ulike lokale kan det vere utfordrande å ha god samhandling i kvardagen og det er ein ulempe for å effektivisere drifta.

Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkarar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området. Det er behov for både utbygging og sirkulasjon i eksisterande bustadmasse.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premisser for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).